

Elvefisket opnar 15. juni

12.06.2016



Per Bruvold er oppsynsmann saman med Asbjørn Rød og Knut Inge Eidsvik også i år.

Fiskekortsalaet er opna på www.uskedalselva.no. Her finn ein også fiskereglar, rapportering og praktiske opplysningar. Som før vert det seld inntil 10 kort kvart døger. Prisen er auka til kr. 300,- for døgnkort og fiskekvota er dobla til to fiskar på land per døger og ti fiskar per person for heile sesongen.

Det er laga nye kort til alle grunneigarane, og dei vert bedne om å hente sine nye kort hjå leiaren i elveeigarlaget Anbjørn Høivik i Kjerlandssido 180. Dei gamle grunneigarkorta er ikkje lenger gyldige.

Fiskeoppsyn i år som i fjar er Asbjørn Rød, Per Bruvold og Knut Inge Eidsvik.

All fangst skal rapporterast via heimesida til laget, denne plikta gjeld også grunneigarane. Alle som fiskar må såleis registrera seg som fiskarar for å få tilgang til rapporteringsfunksjonen. Rett fangsrapport gir viktige opplysningar for forvaltning av elva og både styret og myndighetene nyttar desse opplysningane aktivt. Om ein har problem med rapportering kan ein kontakta ein i styret for hjelp.

Det har vore ei spesiell opptakt til elvefisket i år. Den store røminga av oppdrettsslaks frå Lingalaks sitt anlegg lenger inne i fjorden kan også merkast her. Etter fleire observasjonar av mykje oppdrettsslaks i elva vart det ein periode freista å fanga all oppvandrande fisk i tre store ruser ved bruа. Dette tiltaket førtे dverre ikkje fram, og vi må rekne med at det er noko oppdrettsslaks i elva no. Seinare i år vil det verte organisert fangst ved hjelp av harpun for å ta ut flest mogleg av desse uønskte gjestane.

Tekst: Anbjørn Høivik.

Foto: Privat.

Nett: Thor Inge Døssland